



Notat

Dato: 25.04.2018
Arkivsak: 2018/8643-8
Saksbehandlar: eliwarr

Til: Liz Eva Tøllefsen

Frå: Elizabeth Warren

Kan du legge dette til vår innspel av

**Kulturminnefagleg innspel tillegg - offentleg områdereguleringsplan for
Vossevangen, planid 2018001- Voss kommune- Bergens sjøfartsmuseum**

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet har tidligare gjort funn av ein båt og synketømmer innanfor det planlagde området. Desse blei vurdert som mindre viktige og den nordlege delen av planområdet blei anmoda frigitt for utfylling i rapport frå feltarbeid i 2002. Storparten av planområdet som ligg i vatn har ikkje vore undersøkt. Potensialet for verna eller automatisk freda kulturminne på botn av Vangsvatnet vurderar me for å være til stede.

Bergens Sjøfartsmuseum varsler at me som vedkommande myndighet etter føresegrne ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, kjem til å krevje undersøkingar av om det kan være båtfunn eller andre kulturminne i vatn i tiltaksområdet når saka kjem på høyring. Etter Kulturminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Me ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum (Thomas Bjørkeland, marinarkæolog, 55549611 marinarkæologi@bsj.uib.no) vedrørande gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som me må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast.